



Tysseland Arkitektur As
Valkendorfgaten 9
5012 BERGEN

Referanser:

Dykkar:

Vår: 16/839 - 17/844

Saksbehandlar:

Lillian Straumøy Brakstad

lillian.s.brakstad@meland.kommune.no

Dato:

13.01.2017

Godkjenning - igangsettingsløyve for resterande arbeid - tomannsbustad BK 02, Elvaåsen, gbnr 23/567.

Administrativt vedtak. Saknr: 13/2017

Tiltakshavar: Boligbygg Vest AS

Ansvarleg søker: Tysseland Arkitektur AS

Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan - og bygningslova (pbl.) § 20 - 1 , jf. § 21 - 2, 5. ledd

Saksutgreiing:

Tiltak:

Tysseland Arkitektur AS, har på vegne av tiltakshavar, Boligbygg Vest AS, søkt om igangsettingsløyve (I G) for resterande arbeid ved oppføring av tomannsbustad på planområde BK 02 i Elvaåsen, gbnr 23/567. Rammeløyve er gitt administrativt i vedtak 183/2016, dagsett 09.06.2016. IG for grunnarbeid og løyve til tilkopling til kommunalt VA - anlegg vart gitt i vedtak 230/2016, dagsett 05.07.2016.

Vurdering:

Nabovarsling:

Tiltaket vart nabovarsla i samband med søknad om rammeløyve, jf. pbl § 21-3. Søknad om igangsettingsløyve inneheld ikkje endringar som gjer det naudsynt med ytterlegare varsling.

Lov - og plangrunnlag

Tiltaket er i samsvar med plangrunnlaget. Det blir vist til rammeløyvet for nærare opplysningar om dette.

Vedtak

«Meland kommune gir i medhald av pbl §§ 20-1 og 21-4 fjerde ledd igangsettingsløyve for resterande arbeid ved oppføring av tomannsbustad på planområde BK 02 i Elvaåsen, gbnr 23/567, i samsvar med søknad med vedlegg journalført 05.01.2017.

Tiltaket skal gjennomførast i samsvar med krav og vilkår gitt i eller i medhald av pbl, så fram det ikkje er

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

gitt unntak.

Ansvarsrettar gjeld i samsvar med innsendt gjennomføringsplan motteke 5.1.2017 og innsendte erklæringar, jf. pbl § 23-3.

Dei opplysningane om byggjetiltak og tiltakshavar som går fram av søknaden vert registrert i matrikkelen, jf. matrikkellova.

Igangsettingsløyve fell bort dersom tiltaket ikkje er sett i gong innan tre år, eller dersom tiltaket vert innstilt i lengre enn to år, jf. pbl § 21-9.»

Gebyr for sakshandsaminga vert ettersendt.

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i forvaltningslova (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Lillian Straumøy Brakstad
konsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

BK 02

Kopi til:

Boligbygg Vest As

Fagerdalen 4

5039

BERGEN

Mottakere:

Tysseland Arkitektur As

Valkendorfgaten

5012

BERGEN

9